



PROTOKOLL FOR TIME FORMANNSKAP

Møtenr.: 4
Møtedato: 10.06.2026
Tidspunkt: 09:35 - 11:45
Stad: Formannskapssalen

Desse møtte:

AP Karen Hognestad Liland
FRP Gaute Stokka
H Andreas Vollsund
H Kirsten Oma Alstadsæter
H Ole Jørgen Alstadsæter
KRF Anders Undheim
SP Tarald Magne Oma
SV Beate Aasen Bøe

Forfall

H Gretha Braut Nese Aamodt

Som vara møtte

H Pål Undheim

Frå administrasjonen møtte: Kommunedirektør Trygve Apeland og formannskapssekretær Tone Storesætre

Saklista vart godkjent.

Sak 034/26 Beredskapsplan for Time kommune sin vassforsyning. Informasjon om at saka må lukkast etter koml. § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. off.lova § 21 dersom vedlegga skal diskuterast

Sak 037/26 Overføring av drifta ved Bryne kino til privat aktør. Informasjon om at saka må lukkast etter koml. § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. off.lova § 23 dersom vedlegga skal diskuterast

Møtet vert lukka i sak 038/26 Søknad om fast skjenkebevilling – Smaken av landet etter koml. § 11-5 tredje ledd bokstav a, jf. off.lova § 13.

Bryne, 10.06.2026

Andreas Vollsund
ordfører

Tone Storesætre
formannskapssekretær

Saksliste

Sak nr.:	Sakstittel:
026/26	GODKJENNING AV PROTOKOLL
027/26	TERTIALRAPPORT PER APRIL 2026
028/26	GODKJENNING AV UTBYGGINGSAVTALE FOR PLAN 0541 LARHEIA MED JÆREN TOMTEUTVIKLING HOLDING AS
029/26	HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I KONSESJONSLOVA OG FORSKRIFT OM OVERFØRING AV MYNDIGHET TIL KOMMUNENE M.FL
030/26	PROSJEKT 5568 NY SPILLVANNSPUMPESTASJON ARNE GARBORGSVEG 51-55
031/26	KLAGE PÅ VEDTAK OM AVSLAG PÅ SØKNAD OM TILSKOT TIL OPPARBEIDING AV BRØNN
032/26	TV-AKSJONEN 2026 - TILSKOT
033/26	2262 - ATO LYE SKOLE - ØKT KOSTNADSRAMME
034/26	BEREDSKAPSPLAN FOR TIME KOMMUNE SIN VASSFORSYNING
035/26	REFERATSAKER
036/26	DELEGERTE SAKER
037/26	OVERFØRING AV DRIFTA VED BRYNE KINO TIL PRIVAT AKTØR
038/26	SØKNAD OM FAST SKJENKEBEVILLING - SMAKEN AV LANDET. U.OFF

026/26 : Godkjenning av protokoll

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 026/26 Vedtak:

Protokoll frå møte 29.04.2026 vert godkjent.

027/26 : Tertialrapport per april 2026

Time formannskap

Fellesforslag frå H, FrP, Sp, KrF, V, INP v/**Ole Jørgen Alstadsæter (H)** Nytt pkt. 6

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å føra vidare tilbodet med demenskor i kommunen ut året, finansiert slik:

VTA-plassar, besparelse	- 80 000
Demenskor	80 000
Sum endring	-

Kommunedirektøren bes vidare om å følgja opp omprioriteringa med heilårsverknad til kommande handlings- og økonomiplan.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Fellesforslaget frå Ole Jørgen Alstadsæter vart samrøysttes vedtatt.

FSK - 027/26 Vedtak:

- 1. Driftsbudsjettet blir endra i samsvar med tabellen Forslag til budsjettendringar drift, under delkapittel Forslag til budsjettendringar med endring:*
- 2. Investeringsbudsjettet blir endra i samsvar med tabellen Forslag til budsjettendringar investeringar, under delkapittel Forslag til budsjettendringar.*
- 3. Kommunestyret godkjenner at Time kommune tek opp lån til finansiering av eigne investeringar på inntil 162 000 000 kroner jf. kommuneloven § 14-15 første ledd.*
- 4. Kommunestyret godkjenner oppdaterte satsar for tilbod i Time kulturskula frå og med nytt skuleår 26/27, som beskrive i kapittelet til tenesteområdet Oppvekst.*
- 5. Tertialrapporten per 30.04.2026 blir teken til orientering.*

6. *Kommunestyret ber kommunedirektøren om å føra vidare tilbodet med demenskor i kommunen ut året, finansiert slik:*

VTa-plassar, besparelse	- 80 000
Demenskor	80 000
Sum endring	-

Kommunedirektøren bes vidare om å følgja opp omprioriteringa med heilårsverknad til kommande handlings- og økonomiplan.

028/26 : Godkjenning av utbyggingsavtale for plan 0541 Larheia med Jæren tomteutvikling holding AS

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 028/26 Vedtak:

Time formannskap godkjenner vedlagde utkast til utbyggingsavtale av 14.04.2026 mellom Time kommune og Jæren Tomteutvikling Holding AS.

029/26 : Høyring - forslag til endringar i konsesjonslova og forskrift om overføring av myndighet til kommunene m.fl

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 029/26 Vedtak:

Time kommune gir høyringsinnspel i tråd med saksutgreiinga.

030/26 : Prosjekt 5568 Ny spillvannspumpestasjon Arne Garborgsveg 51-55

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 030/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre godkjenner prosjekt 5702 innanfor en kostnadsramme på 8,5 millioner kroner.*

2. *Merkostnader på 2,2 millioner kroner blir innarbeidet i handlings- og økonomiplan 2027-2030.*

031/26 : Klage på vedtak om avslag på søknad om tilskot til opparbeiding av brønn

Time formannskap

Forslag frå **Gaute Stokka (FrP)**

Klagen tas til følge. Beløpet tas av potten for inneverande år.

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (FrP).

FSK - 031/26 Vedtak:

Formannskapet tar ikkje klage i frå Ingeborg Steinnes Ivesdal mottatt 13.01.2026 til følgje og opprettheld vedtak gjort i delegert sak av 23.12.2025.

Avgjerda er endeleg og gjort i samsvar med forvaltningslova § 33.

032/26 : TV-aksjonen 2026 - tilskot

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 032/26 Vedtak:

Time formannskap løyver kr 50 000 til TV aksjonen 2026. Beløpet vert dekket av konto 1470 160 1000 ved overføring av tilsvarende beløpet frå reserverte tilleggsløyvingar der det etter vedtak står igjen kr 160 000.

033/26 : 2262 - ATO Lye skole - Økt kostnadsramme

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 033/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre godkjenner gjennomføring av prosjekt 2262 - ATO avdeling Lye i henhold til alternativ 2.*
2. *Lekeapparater og sprinkleranlegg opprettholdes i prosjektet, av hensyn til funksjonalitet, brukerguppe og sikkerhet.*

3. *Prosjektet gjennomføres med en oppdatert kostnadsramme på 48,8 millioner kroner inkl. mva. Økt kostnadsramme på om lag 9,8 mill. kroner innarbeides i økonomiplan 2027–2030.*

034/26 : Beredskapsplan for Time kommune sin vassforsyning

Time formannskap

Tilleggsforslag frå **Tarald Magne Oma (Sp)** Pkt. 4

.... kartlegge funksjonalitet ved straumbrot.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

Tilleggsforslaget frå Tarald Magne Oma vart samrøystes vedtatt.

FSK - 034/26 Vedtak:

1. *Time kommunestyre tek planen/rapporten for sikring av vassforsyninga til orientering.*
2. *Time kommune skal ha eit mål om å ha magasinert vatn for 48 timar normalforbruk i heile kommunen. Målet er langsiktig og konkrete tiltak for å oppnå målet må vurderast opp mot andre VA-behov og opp mot kva som er eit akseptabelt gebyrnivå.*
3. *Nye tiltak for å styrke beredskapen for vassforsyning og avløpshandtering vert vurdert i komande økonomiplanar.*
4. *Kommunen bør kartlegge private vannforsyningsanlegg og funksjonalitet ved straumbrot i Time som en del av beredskapen.*

035/26 : Referatsaker

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 035/26 Vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

036/26 : Delegerte saker

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 036/26 Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

037/26 : Overføring av drifta ved Bryne kino til privat aktør

Time formannskap

Kommunedirektøren si innstilling vart vedtatt med 8 mot 1 røyst (SV).

FSK - 037/26 Vedtak:

- 1. Kommunestyret godkjenner Avtale om overtaking og drift av Bryne kino, vedlegg nr 1, og Framleigeavtale Bryne kino, vedlegg nr 2, mellom Time kommune og Trondheim Kino AS. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere avtalane og avtale endeleg tidspunkt for overføringa av kinoverksemda til Trondheim Kino AS.*
- 2. Tilsette ved Bryne kino vert overført frå Time kommune til Trondheim Kino AS gjennom verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova kapittel 16.*
- 3. Trondheim Kino AS får konsesjon til kinodrift på Bryne kino.*
- 4. Time kommune sel sine 170 aksjar i KinoNor AS til Trondheim Kino AS for 100 kroner per aksje. Kommunedirektøren får fullmakt til å kjøpa tilbake dei 170 aksjane i KinoNor AS dersom Time kommune overtek drifta av Bryne kino på eit seinare tidspunkt.*

038/26 : Søknad om fast skjenkebevilling - Smaken av landet. U.OFF

Time formannskap

Møtet vart lukka etter koml. § 11-5 tredje ledd bokstav a, jf. off.lova § 13.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

FSK - 038/26 Vedtak:

- 1. Smaken av landet AS, org.nr. 927 344 947, får alminnelig skjenkebevilling 1 (øl, vin og brennevin): mandag til søndag fra kl. 10:00 til 01:30.*
- 2. Bevillingen omfatter inne- og uteområde som vist på vedlagte tegninger/bilde for skjenkestedet Smaken av landet i lokaler i kjøpesenteret M44 på Bryne.*
- 3. Bevillingen gjelder til 30.09.2028.*
- 4. Roy Søyland godkjennes som skjenkestyrer. Katrine Jellestad godkjennes som midlertidig stedfortreder. Stian Stueland Wist godkjennes som stedforteder når kunnskapsprøven i alkoholoven er bestått.*

5. *Vilkår: Daglig leder og alle som skjenker alkohol må ha gjennomgått og bestått kurset ansvarlig vertskap innen 6 måneder fra ansettelsesdato.*

Eventuelt:

Spørsmål frå Ap og Sp v/Karen Hognestad Liland (Ap) ang. manglande vedlikehald av kommunale bygg. Kommunedirektør Trygve Apeland og kommunalsjef Reid Ivar Bjorland Dahl svara på spørsmålet.

Orienteringar frå kommunedirektør Trygve Apeland

- Felles fagleder beredskap for Klepp, Time, Gjesdal og Hå er nå tilsatt. Dette er med finansiering fra Statsforvalter. Organisatorisk tilhørighet i Gjesdal kommune.
- Totalforsvarsåret 2026. Forskning på gardsberedskap. Her er vi med i støtte til en søknad til Forskningsrådet. Dette sammen med Bjerkreim kommune. Dette handler om drift, produksjon og matsikkerhet i en krisesituasjon.
- Totalforsvarsåret 2026. Vi planlegger nå et nytt besøk fra Ukraina i samarbeid med statsforvalter. Dette jobber vi for skal skje i tidlig i september. Vi vil da hente kompetanse på hvordan det er å drive en kommune i en krigssituasjon.
- Martin Torsteinbø, Plan og forvaltningssjef skal ha pappapermisjon. Svein Harald Dyngen, leder på Byggesak, fungerer i hans sted i denne permisjonen. Han opprettholder samtidig sin opprinnelige lederstilling.
- Omstilling i Time. Vi har nå jobbet over flere år med omstilling og i særlig grad siden 2024. Vi er fortsatt i omstilling i det vi kaller Bærekraftige tjenester 2040. Vi har etterhvert flere kommuner som legger merke til og ser til oss. Vi "deler og stjeler" gode idder og gre, og med det har vi dialog med både nabokommuner og kommuner lengre borte. Nå sist Sunnhordalandrådet og Bømlo kommune.
- Forhandlinger av Green Mountain om avtale om høydebasseng. Vi er i slutføring og har hatt dialog om denne nå de siste dagene denne uka. Det vil bli gjort justeringer av avtalen i tråd med det vedtak som ble fattet i behandlingen av denne saken der kommunedirektør fikk fullmakt til signering. Kommunedirektør vil gi informasjon om slutført avtale i kommende møterekke.